



Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Torsdag 12.09.2019
Tid: 10.00 – 14.00
Møtestad: Syse Gard, Ulvik

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Anita Hesthamar (Kvam), Magnus Steigedal (Ullensvang herad), Thore Hopperstad (Ulvik), Ole-Jørgen Jondahl (Ullensvang kommune), Arild M Steine (Voss) frå kl 12.30

Administrasjon: Jostein Eitrheim, Hardangerrådet

Forfall: Reidar Isdal (Jondal)

Møteinnkallinga er gjort i Outlook.

Agenda:

10.00 - 10.30 Sakshandsaming
10.30 - 12.00 Orienteringar
12.00 - 12.45 Lunsj
12.45 - 13.15 Orienteringar forts.
12.45 - 14.00 Sakshandsaming

Orienteringar:

10.15 - 11.00 Folkeuniversitetet v/ Reidar Brandsberg

Rådmannsforum drøfta korleis interessa er for å starta ein kursbolk hausten 2020. Det er ønskjeleg med ei kartlegging av interesse og kapasitet for å gjennomføra kurs innanfor leiargruppene i dei ulike kommunane.

Rådmannsforum vil innan 1. oktober avklara interesse/kapasitet for eit samarbeid med Folkeuniversitetet knytta til framlagd kursplan. Kommunane kan om ønskjeleg formidla kurstilbodet til næringsverksemder i regionen.

11.00 - 11.30 Powersim v/ Johan Sandal, CareOnCall og Andreas Sigvaldsen og Sigrid Mæland, Ullensvang kommune

Simuleringsverktøy for framskrivning av parametre. Rådmannsforum ønskjer å verta oppdatert på utviklinga i prosjektet i Ullensvang kommune og ber om ein ny status og drøfting om evt. regionalt samarbeid.

12.45 - 13.15 Skjenkekontrollen v/Bjørnar Dagstad

Orientering om Skjenkekontrollen si organisering og arbeid.

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 01/19 Meldingar

Ingen meldingar framlagde

RF-sak 02/19 Særlovsgjennomgang internkontroll (ny kommunelov) - Høyringsuttale

Rådmannsforum gjev si støtte til uttale frå KS.

RF-sak 03/19 Dagleg leiar orienterer

- **Regionråda i Vestland fylke**
 - Dialogmøte 15. februar i Førde (Møte 9. januar 2019)
 - Møte med Bård Sandal
 - Struktur/innhald/oppgåver
 - Avtaleform - partnerskap
 - Administrative ordningar
 - Vidare prosess
 - Regionråda må sjølve avgjerda storleik/innhald
 - Basera seg på BA-region

- **Prosess for utarbeiding av ny selskapsavtale og strategidokument for Hardangerrådet frå 2020.**

Dagleg leiar orienterte om prosessen og sak som skal opp i Hardangerrådet 16.09.

Rådmannsforum ber om at Hardangerrådet i samband med utforming av ny strategiplan drøftar kva rolle rådmannsforum skal ha framover.

Det kan tenkjast ei todeling av aktiviteten i rådmannsforum der ein del er retta mot saker som er til handsaming i det politiske rådet og ein del er interne "rådmannsaker" som rådmannsforum vel å drøfta i sine møter.

RF-sak 04/19 - Aktuelle administrative saker/prosesser i kvar kommune/herad.

- Ståa etter valet

Orientering ved rådmennene

RF-sak 05/19 Møteplan for rådmannsforum hausten 2019.

10. desember 2019 Hangurstoppen, Voss. Arild M Steine ordnar møteplass

RF-sak 06/19 Drøftingssaker innmeldt ved starten av møtet.

- Endring i leiarrolla for rådmannsforum.
Det har vore tradisjon at leiarrolla for rådmannsforum følgjer rådsordførarvervet mht kva Hardangerkommune som har leiaren i Hardangerrådet og rådmannsforum. For dei neste to åra, 2020 og 2021 vil ordførar i Kvam herad ha vervet som rådsordførar. Dette medfører at leiaren for rådmannsforum for den same to-års perioden vert rådmann i Kvam herad, Anita Hesthamar. Anita overtek leiinga f.o.m. komande møte 10. desember 2019.

Referent
Jostein Eitrheim
Hardangerrådet